

Referat frå møte i arbeidsgruppe 3, Haukeliseter 30. september 2019

Tilstades: Snorre, Kirsten, Håkon og Alf

Alf Orientert om rammer og føringar frå hovudprosjektet. 2020 kan bli siste året for verdiskapingsprosjektet slik at ein må tenkje på å få avslutta flest mogleg av prosjekta.

Jørn har bedt om at vi har klar ei liste over aktivitetar og eit tilhøyrande budsjett for 2020 innan midten av november.

1. Gjennomgang og evaluering av det vi har gjort i 2018/2019

Naturlosturar

Stad	Naturlosar	Deltakarar	Merknad
Pytten	Jan Ove Pytten Flodquist / Jørn Haug	25	
Åstøl	Kathrine Stene / Snorre Haukalid	12	Betre marknadsføring om vi prøver i 2020
Store Førsvatn	Tommy Vatslid / Snorre Haukalid	Avlyst	Protest frå grunneigar Vatndalsvatnet neste år
Reinsheia	Alf Odden	6	Svært dårleg vær
Håheller	Torfinn Hageland / Snorre Haukalid	20?	Neste år??

I hovudsak var turane vellykka, men deltakinga burde vore større på to av turane. Det bør derfor leggst litt meir i annonseringa til neste år.

Lokal villreinhistorie

- Arne Kleppa – Villreinjakta i Hjelmeland (39. s) – ferdig frå korrektur
- Magnar Undheim – Villrein i Sirdal (12. s + illustrasjonar) – siste opprettingar, frist 1.12

Kvaliteten på produkta ser ut til å bli svært bra. Det blir svært viktig å avklare korleis tekstane skal formidlast.

Villreinkurs for reiselivsbedrifter

Kurset vart arrangert på Bjåen fjellstove 18. juni med 12 deltakarar frå 9 ulike bedrifter. Vi er rimeleg godt nøgde med deltaking, fagleg innhald og praktisk gjennomføring. I etterkant har vi høyrte om interesserte som ikkje hadde fått informasjon av kurset. Ei breidare og tidlagere marknadsføring kunne gitt fleire deltakarar.

Faglege føredrag

- Kjell Bitustøyl - 1. februar – Suldal (Nesflaten). Føredrag om tammreindrift i Suldal og Bykle – 55 framømøtte (medarrangør)
- Sveinung Bang Andersen – ca 1. november – Hjelmeland. Føredrag om dei første villreinjegeerane i Ryfylkeheiane

Villreinutstilling

Snorre og hans kollegaer i Vest Agder fylkeskommune har utarbeidd ei skisse til framdrift for ei villreinutstilling på Kvæven i Sirdal. Finansiering av prosjektet vil bli avklart på møtet i styringsgruppa for verdiskapingsprosjektet 2. oktober.

2. Gjennomgang av det vi ikkje fekk gjort i 2018/2019

Restaurering av kulturminne

To prosjekt peika er ut. Ei steinbu ved Stranddalen i Suldal og jakthidler ved Årdals-Krymlevatn i Hjelmeland. Opplegget er avklara med grunneigarane og vidare framgangsmåte er avtalt med Rogaland fylkeskommune. Opplegg for skilting og formidling er under utarbeiding med Rogaland fylkeskommune og Arkeologisk museum Stavanger.

Skilting av kulturminne

Planen er å velje ut eit kulturminne i alle dei 8 deltakande kommunane. Det skal settast opp ein informasjonsskilt anten ved kulturminne eller ved egna startplass for turen inn til kulturminne.

Ein har og planar om større oversiktskart over kulturminne som har gått tapt ved vassdragsreguleringane.

Digital informasjon om kulturminne

Her hadde vi fleire idear, men vi har ikkje følgt opp vidare. Det har vore vanskeleg å sjå føre seg at ein kan utvikle noko slik innanfor rammene for prosjektet.

3. Aktivitet i 2020

Naturlosturar i 2020

Stad	Naturlosar	Merknad
Haukeliseter		Besøke dyregrav
Reinsheia	Alf Odden	
Vatndalsdammen	Snorre Haukalid	Avklare med grunneigarane
Storhedder	Snorre Haukalid / Alf Odden	Avklare bompassering med grunneigar
Haukeliseter-Hovden		Avklare med grunneigarane

Det bør og arbeidast for å få til naturlos/tematurar med dei som har skreve den lokale villreinhistoria. Andre naturlosturar kan og være aktuelle.

Oversikt over turar må være klar til våren når DNT og Midt Agder friluftsråd lager sine turprogram.

Lokal villreinhistorie

Nye tekster i 2020 frå Bygland, Åseral og Kvinesdal. Det arbeidast med å avklare aktuelle forfattarar Korleis skal vi formidle tekstane som snart er ferdige?

Alle tekstene bør trykkast separat og dei bør også samlast i eit samlehefte. Desse bør trykkast i relativt mange ex for distribusjon.

Tekstane kan og brukast i samband med Den kulturelle skulesekken, det bør og lagast enkle plakatutstillingar til skulane i området. Enkle undervisningsopplegg for skulane bør og vurderast.

Villreinkurs for reiselivsbedrifter

Vi tek sikte på å arrangere eit nytt kurs i 2020. Kurset bør truleg leggst på Haukeliseter ettersom Bjåen fjellstove kan bli for liten om det kjem fleire deltakarar.

Marknadsføringa må bli breiare og komme tidlegare enn i 2019.

DNT sine turleiarar kan være ei aktuell målgruppe.

Eit nytt fagleg tema kan være korleis bedrifter kan tene pengar på slike aktivitetar

Faglege føredrag

Det bør leggst opp til to-tre slike føredrag i 2020. Forfattarane av den lokale villreinhistoria er svært aktuelle å bruke.

Villreinutstilling

Villreinutstillinga på Kvæven bygdemuseum blir mest truleg realisert i løpet av 2020.

Seinare kan det og være aktuelt med ei liknande utstilling på Setesdalsmuseet på Rysstad.

Restaurering av kulturminne

Utarbeide søknad om restaurering til Rogaland fylkeskommune for dei to prosjekt som peika ut.

Gjere avtalar om den praktiske gjennomføringa med lokale handtverkarar

Avklare endeleg opplegg for skilting og formidling med Rogaland fylkeskommune og Arkeologisk museum Stavanger.

Skilting av kulturminne

Fullføre utveljing av kulturminne i dei 8 kommunane og utarbeide informasjonsskilt saman med fylkeskommunane.

Utarbeiding av kulturminnekart som informasjonsskilt (Blåsjø, Eidavatn, Haukeliseter og Rosskreppfjorden) saman med Arkeologisk museum Stavanger og Agder fylkeskommune

Digital informasjon om kulturminne

Sommaren 2019 vart appen hidden lansert av mellom anna Telia. Her blir det mellom anna gitt informasjon om segn og kulturminne ute i fjellet. Mellom anna ligg informasjon om kulturminne frå kulturminnesøk inne <https://www.hidden.no/>

Kirsten hadde vore på seminar og hadde mykje info om appen

Mellom anna kunne ein kjøpe lisens som superbrukar slik at ein kan legge inn info sjølv. Dette kostar 30.000 for oppstart + 2000 i månaden

Det er og mogleg for alle og legge inn tekster gratis i mindre målestokk

Alle var einige om at det kunne være eit stort potensial i denne appen og at vi må undersøke nærare om dette er noko vi skal satse på. Alf fekk i oppdrag å prøve å legge inn ein tekst og ta kontakt for å finne ut meir om kor mange og kva for brukarar appen hadde.

Snorre meinte at om vi skulle satse stor på å legge inn tekster så måtte og desse tekstane leggest inn i Askeladden først.

Informasjon på fjellhytter

Det bør utarbeidast lokal tilpassa informasjon om historie, naturtilhøve og kulturminne for alle fjellhyttene i villreinområdet (DNT hytter, Statskoghytter og fjellstyrehytter). Informasjonen kan ha form som eit lite hefte på t.d 4 sider og /eller eit informasjonsskilt til å henge på veggen.

Ei prøve på opplegget på 2-4 hytter bør gjennomførast alt i 2019.

Snorre foreslo at ein kunne spørje Torfinn Hageland om han kunne ta på seg og utarbeide tekstene.